



Hammar - Kameratane A/S  
Hella 60  
5936 MANGER

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 18/979 - 18/15063

Saksbehandlar:  
Katrine Bjordal Midttun  
katrine.bjordal.midttun@radoy.kommune.no

Dato:  
16.10.2018

## Byggesak Gbnr 26/13 m.fl Listveiten og Myking - leidningsnett- mellombels bruksløyve-godkjenning

Delegasjonssak nr.: 278/2018

**Administrativt vedtak. Saknr: 278/2018**

**Tiltakshavar:** Svein Lilletveit ( etter fullmakt)  
**Ansvarleg søkjar:** Hammar-Kameratane AS  
**Søknadstype:** Søknad om mellombels bruksløyve for delar av tiltaket etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 21.04.2018. Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Vassleidningsnettet til dei resterande heimshavarar, samt utslepp for gnr. 26 bnr. 13, gnr. 26 bnr. 9 og gnr. 26 bnr. 16.

Mellombels bruksløyve gjeld deler av tiltaket, som omfattar vassleidning knytt til gnr. 26 bnr. 19. Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 16.10.2019.

Det vert elles vist til søknad motteken den 16.10.2018.

### VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for delar av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

## Skildring

Adresse:	Listveitvegen
Tiltak:	Etablering av eit større Biovac FD 30 N reinseanlegg

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for vassleidning på gnr. 26, bnr. 19 på følgjande vilkår:

1. Ferdigattest skal liggje føre innan 16.10.2019.

### Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyrast. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### 1. Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode: 10.2.10 Delt sakshandsaming, mellombels bruksløyve Kr.3 200,-

**Totalt å betale:** **Kr. 3 200,-**

Faktura vert sendt per. post.

### Klage på gebyr:

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

### Klage:

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen*

*skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b*

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt jurist byggesak Katrine Bjordal Midttun.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

Katrine Bjordal Midttun  
jurist byggesak

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Hammar - Kameratane A/S

Hella 60

5936

MANGER